



Jobbnorge-ID: 85024
Søknadsfrist: Avsluttet
Nettside:
Omfang:
Varighet:

Professor/førsteamanuensis (50 %) i obstetikk og gynekologi ved Institutt for klinisk medisin

Ved Universitetet i Bergen, Institutt for klinisk medisin, Seksjon for obstetikk og gynekologi, er det ledig ei fast stilling som professor (50 %) i medisin (fødselshjelp og kvinnesjukdommar) frå hausten 2012. Dersom det ikkje melder seg søkjarar med professorkompetanse, kan det verte tilsett førsteamanuensis.

Seksjonen driv avansert forskning på fleire sentrale felt i obstetikk og gynekologi som vesentleg er konsentrert til fostermedisin og ultralyd, translasjonell kreftforskning og registerbasert/epidemiologisk forskning. Ved seksjonen er det eit forskningslaboratorium som inkluderer vitenskapleg utstyr som nyttast til innsamling og prosessering av biobankar samt biomarkørstudiar. I tillegg finst eit vel utstyrt ultralydlaboratorium for forskning.

Stillinga er knytt til bruk av engelsk i undervisninga i gynekologi/obstetikk og pediatri for legestudentar, som ledd i utveksling av studentar til/frå utlandet. Den som vert tilsett i stillinga vil ha hovudansvar for gjennomføring av engelsk som undervisningsspråk i fødselshjelp og kvinnesjukdommar i terminen samt for praktiske høve knytt til dei utanlandske studentane. Stillinga vil òg ha hovudansvar for kontakten med dei universiteta som vi har avtale om utveksling av studentar med.

Pedagogisk basisutdanning er eit krav for stillinga. Den som vert tilsett vil få tilbod om opplæring dersom kravet ikkje er oppfylt før tilsetjing.

Professor vert lønt etter lønnssteg 70-75 (kode 1013), i lønsregulativet til staten. Førsteamanuensis vert lønt etter lønnssteg 59-62 (kode 1011/lønnsramme 24.3-24.6) i lønsregulativet til staten ved tilsetjing, og vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga. Det vert trekt 2 % pensjonsinnskott til Statens pensjonskasse. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn. For spesialist i gynekologi/obstetikk kan det vera aktuelt å knyte stillinga til ei inntil 50 % fast (bi)stilling som overlege ved Kvinneklubben, Haukeland universitetssjukehus. Denne bistillinga vert løna etter avtale med Kvinneklubben, Haukeland universitetssjukehus.

Ein stillingsomtale med nærare presisering av fagkrins og ansvarsområde, særlege plikter og andre tilhøve som det vert lagt vekt på ved tilsetjinga, kan ein finna lenger nede på denne sida.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til Instituttleiar, professor Nils Erik Gilhus, Institutt for klinisk medisin (nils.gilhus@nevro.uib.no) eller professor Helga B. Salvesen, Seksjon for obstetikk og gynekologi (helga.salvesen@uib.no). Når det gjeld eventuell tilsetjing i bistilling som overlege ved Kvinneklubben, kontakt klinikkoverlege Per E. Børdahl (per.bordahl@helse-bergen.no) for nærare informasjon.

Den tilsette pliktar å ta del i undervisning og eksamen etter dei studieordningane som gjeld til ei kvar tid og til utan godtgjersle å rette seg etter dei endringane som gjennom lov måtte verta vedtekne om fagkrins, pensjonsordning og aldersgrense.

Søkjarar må ha medisinsk embetseksamen eller tilsvarande utdanning. Den tilsette må ha brei erfaring innan obstetikk og gynekologi samt doktorgrad eller tilsvarande kompetanse.

Undervisningsspråket vert til vanleg engelsk og norsk. Det er eit krav at den som blir tilsett, kan undervisa både på engelsk og på norsk eller eit anna skandinavisk språk innan to år etter tilsetjinga. Den tilsette må ha erfaring innan undervisning av legestudentar.

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvolter i Personalreglementet for vitenskaplege stillingar verta følgde. Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegla mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarakgrunn. Personar med innvandrarakgrunn vert oppmoda om å søkja stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan verte offentleggjorde sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette. Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar. Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Slik søker du stillinga:

Send søknad og CV som inneheld fullstendig oversikt over tidlegare utdanning og tidlegare arbeid/erfaring, samt vedlegg elektronisk via lenka «Søk stillinga» på denne sida.

Legg ved:

- CV
- Vitnemål

- Attestar
- Fullstendig publikasjonsliste
- Liste med vedlegg som dokumenterer dine pedagogiske kvalifikasjonar
- Liste over vitenskaplege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga, med opplysning om kvar dei er offentleggjorde
- Vitenskaplege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga (maks 15 for professor og maks 10 for førsteamanuensis)

Søknadane vert sendt elektronisk til den sakkunnige nemnda.

Vi gjer merksame på at søknader vert vurdert med den informasjonen som ligg føre i JobbNorge når søknadsfristen går ut. Det er søker sitt ansvar å sørge for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen.

Det vises til «Midlertidige regler om framgangsmåten ved tilsetjing i professorater».

Søknadsfrist: 10.09.2012

Stillingsomtale

Institutt for klinisk medisin er sett saman av seks faglege einingar: Seksjon for nevrologi, Seksjon for obstetikk og gynekologi, Seksjon for oftalmologi, Seksjon for pediatri, Seksjon for psykiatri, og Seksjon for medisinsk genetikk og molekylærmedisin. Forskinga ved instituttet er knytt til dei fire hovudfeltene genetikk og immunologi, fysiologi, epidemiologi og klinisk forskning.

Seksjon for obstetikk og gynekologi har i Bergen sju vitenskapleg tilsette som p.t. utgjør 4,9 årsverk. Seksjonen har ansvaret for undervisning i fødselshjelp og kvinnesjukdommar til legestudentar og studentar innan ernæring. Legestudentane er den største gruppa med ein termin i faget om hausten og ein om våren. Det er delt ansvar for undervisninga med Seksjon for pediatri. I løpet av terminen er studentane utplassert (seks vekers klinisk praksis) ved samarbeidssjukehus i Førde, Haugesund og Stavanger. Åtte studentar reiser vanlegvis til Uganda. Det kjem ofte utvekslingsstudentar frå Tyskland. Desse har følgd undervisninga på norsk.

Det medisinsk odontologiske fakultet har nå vedteke at undervisninga i barne- og kvinnesjukdommar og fødselshjelp skal verte tilbydd på engelsk som ledd i legestudentutveksling med utlandet. Dette inkluderer all undervisning samt eksamen når det er engelsktalande studentar tilstade.

Den som vert tilsett skal ha hovudansvar for gjennomføring av engelskspråkeleg undervisning, tilrettelegging for utvekslingsstudentar og kontakt med samarbeidande institusjonar i utlandet. Det er derfor eit minimumskrav at den som vert tilsett kan snakke engelsk flytande og undervisa på engelsk. Det er også en fordel at den tilsette har hatt faglege utanlandsopphald. Den tilsette må ha erfaring innan undervisning av legestudentar.

Seksjon for obstetikk og gynekologi driv avansert forskning på fleire sentrale felt innan fostermedisin og ultralyd, translasjonell kreftforskning og registerbasert/epidemiologisk forskning. Ved seksjonen er det eit forskningslaboratorium som inkluderer vitenskapleg utstyr som nyttast til innsamling og prosessering av biobankar samt biomarkørstudiar. I tillegg finst eit vel utstyrt ultralydlaboratorium for forskning.

Det er ønskeleg at søkeren kan bidra til å styrke eit eller fleire av desse forskingsområda. Kvinneklinikken og Seksjon for obstetikk og gynekologi inngår i eit bredt nettverk av helserelatert forskning knytt til fødselshjelp og kvinnesjukdommar. Omlag 15 PhD-kandidatar er involverte i denne forskinga.

Det vil verte lagt vekt på dokumentert vilje og evne til samarbeid.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk. Det er eit krav at den som vert tilsett kan undervisa på engelsk samt norsk eller eit anna skandinavisk språk innan to år etter tilsetjing. Den som vert tilsett, må ha pedagogisk basisutdanning, men søkerar som ikkje fyller dette kravet ved tilsetjing, får tilbod om opplæring og må dokumentera at utdanninga er fullført innan eit år etter dato for tilsetjing. Fristen er to år for den som ved tilsetjing ikkje meistrar eit skandinavisk språk.

Søklarar må ha medisinsk embetseksamen eller tilsvarande utdanning. Den tilsette må ha brei erfaring innan barnesjukdommar samt doktorgrad eller tilsvarande kompetanse.

Ein viser til dei generelle reglane ved universitetet om at innafor si normale arbeidsplikt og faglege kompetanse kan han/ho som vert tilsett også verte pålagt undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor organisasjonseininga stillinga er knytt til.

Universitetet i Bergen understrekar at pedagogiske kvalifikasjonar skal gis reell vekt ved tilsetjing i vitenskaplege mellom- og toppstillingar.

Søklarane må dokumentera eigne pedagogiske kvalifikasjonar. Dette kan til dømes gjerast ved innsending av:

- prov for gjennomført pedagogisk utdanning
- evalueringsrapportar av søkeren si undervisning
- oversyn over undervisningsomfang og -nivå
- oversyn over hovudfags- og doktorgradsrettleiing og resultat
- mottekne studentprisar
- eigne pedagogiske publikasjonar
- eigne undervisningskompendium og undervisningsmaterieil
- rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervisning, slik som alternative undervisningsformer, rettleiing eller læringsmiljø

Tilsetjinga går føre seg på grunnlag av vurdering av ei vitenskapleg nemnd samt ei sjølvstendig vurdering av tilsetjande organ inkludert intervju og eventuell prøving av undervisningskompetanse.

For spesialist i fødselshjelp og kvinnesjukdommar kan det vera aktuelt å knytte stillinga til ei inntil 50 % fast (bi)stilling som overlege ved Kvinneklinikken, Haukeland universitetssjukehus.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: